

BJØRKEDAL KYSTLAG ÅRSMELDING 2011

STYRET:

Tove Aurdal Hjellnes, leiar
Ståle Mek, nestleiar
Heidi Thöni Sletten, kasserar
Nils Olav Skuset, styremedlem
Ann-Elin H. Bjørkedal, styremedlem

Erlend Helset, 1. vara
Frode Pilskog, 2. vara
Jørn Olav Løset, 3. vara

VALNEMND: Dag Inge Bjørkedal og Rune Husevåg

REVISOR: Olav Eidseflot

MEDLEMSUTVIKLING: 96 medlemmar ved årsskiftet. 80 for eit år sidan.

MØTER:

Årsmøtet vart avvikla i Jakobsskotet laurdag 7.mai 2011.
Styret har hatt tre styremøter og elles diskutert saker via e-post.

REPRESENTASJON OG AKTIVITET

Tove Aurdal Hjellnes deltok på Forbundet Kysten sitt landsstemne i Tønsberg 8.-10- april 2011. Ho vart valgt til 3. vara til landsstyret.

Åsmøtefesten i Jakobsskotet 7. mai samla 45 stykker. Arne og dei gode hjelparane kokte som vanleg klippfisk

Handverksdag i samarbeid med Båtsamlingane 02. juni 2010. Ca 150 besøkande. Utstilling av gamle motorsager. Vi prøvde også å starte med registrering av gamle svijarn, og hadde oppmoda folk om å ta med seg slike. Fjølene med svimerka på, vart imidlertid så populære at alle forsvant. Dette må gjentakast vet eit seinare høve.
Bra pressedekning.

Vi deltok på trebåtfestivalen i Ulsteinvik 17.-21. august med båtane Troll og Nordlys. På land samarbeidde vi med kystlaga i Nordfjord og på Sunnmøre om ein stor stand. Bjørkedal kystlag og kystlaget Hornelen selde sveler og fiskekaker i ei felles bod. Vi fikk bra dekning i avisene, men hadde ikkje så stor økonomisk inntening.

Besøk av Jøa kystlag med MK Straumingen midt i juli. Dei var på veg til landsstemnet og tok turen inn til Volda fordi Straumingen er bygd på Vik båtbyggeri i Høydalen. Vi møtte dei med Nordlys utmed Yksnøya, serverte fiskekaker frå Volda fiskemat då dei hadde fortøyd og fleire frå laget vårt var med om bord i Straumingen inn til Høydalen. Også Håkon og Magnar Høydal, som i si tid jobba på båtbyggeriet, var med. Etterpå besøkte vi bedriftsmuseet til Scana Volda, der Asbjørn Høydal demonstrerte gamle Volda-motorar.

Roregatta på Bjørkedalsvatnet 27. august. Jakob Helset stilte båtar og anlegg til disposisjon for kystlaget. Ca 150 framkomte. Middag og fest i nauset om kvelden.

I samband med Volda-dagen 10. september, holdt Tove og Arve Nordlys open for folk som ville sjå og

prate. Vi serverte kaffi og delte ut informasjonsmateriell og vervebrosjyrer for Forbundet Kysten.

Ein delegasjon var i november på Årsetøya for å sjå på MB Trygve som eigaren vurderer å gi til Kystlaget. Dette er ein heksbåt bygd i 1909 på Folkestad. Den har ikkje vore på sjøen på femti år. Førebels har vi søkt landbrukskontoret om midlar til å reparere naustet i samarbeid med Austefjord museumslag. Det er delte meiningar om denne båten nokon gong kjem på sjøen igjen. Om den ikkje gjer det, er det likevel eit poeng å ta vare på båten. Den er noko lunde original slik den var i 1909.

BÅTANE:

Havdrønn: Ikkje skjedd noko med denne etter at vi fikk avslag på søknaden om midlar frå Riksantikvaren. Søknaden må bearbeidast før vi eventuelt sender den på nytt.

Nordlys: Er i bra stand, krev berre vanleg vedlikehald. Samling/dugnad om bord kvar måndag frå 2. mai til det vart for mørkt utpå hausten. Høgskulen leigde Nordlys til å transportere studentar frå friluftslivslinja til Yksnøya både våren og hausten 2011.

Troll: Geir Vatne jobba på Troll heile vinteren 10/11. Han la ned ein stor innsats som synes godt igjen.

Ina Kristin: Geir har tømmt båten for innreiing og ballast. Fleire folk frå kommunen sitt STYRK-prosjekt hjalp til med å transportere bort ballasten. Styret ønskjer at ein profesjonell vurderer kva som må gjerast med båten, før vi startar reparasjonsarbeidet.

Volda 14.04.12

Tove Aurdal Hjellnes
Ståle Mek
Heidi Thöni Sletten
Nils Ola Skuset
Ann-Elin Haugland